



Trine Rønn-Aar

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2778 - 16/28779

Saksbehandlar:

Hogne Haugsdal

Hogne.Haugsdal@lindas.kommune.no

Dato:

13.10.2016

Svar på brev om vegarbeid på fv 402

Eg har lese brevet ditt om vegarbeidet på fylkesveg 402, og ser at stenginga får konsekvensar for kvardagen din.

Sjølv om vegarbeid skal gi innbyggjarar og næringsliv ein betre veg, vil anleggsperioden alltid føre til ein ulempe for dei som bur og jobbar i området. Vi som kommune kan diverre ikkje ta omsyn til og kompensere alle desse ulempene. For deg er det ein ulempe at du ikkje får nytta SFO-tilbodet ditt fullt ut, for andre handlar det om heilt andre ting.

Når vi planlegg slike prosjekt må vi finne den beste balansen mellom å:

1. Leggje best mogleg til rette for dei som brukar vegen til dagen
2. La entreprenøren få tid til å gjere jobben sin

I dette tilfellet har vi valt å stenge vegen mellom klokka 08.30 og 18.00 frå måndag til fredag. Frå tysdag til fredag er vegen open ein time mellom klokka 14.15 og 15.15 for å sleppe rute- og skulebussane forbi. Den første veka i anleggsperioden var ei spesiell veke. Då brukte entreprenøren tida til å få på plass utstyr og planlegge arbeidet. I denne veka var det lett å vere «grei» og sleppe bilar forbi – utanom dei planlagde opningstidene. Dette vil ikkje fungere når arbeidet kjem skikkeleg i gong.

For å hindre at folk køyrer bort til området for å sjekke om vegen er open før klokka 18.00, har vi fått på plass ein avtale med entreprenøren. Dersom han opnar vegen før klokka 18.00, vil entreprenøren legge ut ei melding om dette i eit arrangement på facebookside til Lindås kommune. Dette finn du meir informasjon om på både facebook og heimesida til kommunen.

Vi forstår at stenginga er ein ulempe, men håpar du og andre i området forstår at vi må stenge vegen når entreprenøren jobbar. Jo meir tid vi får til å jobbe, desto kortare vert perioden vi må stenge.

Med helsing

Hogne Haugsdal
ass. rådmann

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Kopi til:
Hogne Haugsdal

Mottakarar:
Trine Rønn-Aar